



## REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKEPSMØTE I NGIR

**Tid:** 29.05.17, kl 11.30

**Stad:** Kjeksdalen

### Desse representantane møtte:

Austrheim:	Hardy Pedersen, Gro Kaland
Fedje:	Ingmar Stuberg
Gulen:	-
Lindås:	Leidulv Brunborg, Leif Hosøy Sleire, Jarle Vassdal
Masfjorden:	Ragnvald Tangedal, Janne Judith K. Sandnes
Meland:	Tormod Skurtveit, Mabel Ingeborg Johansen
Modalen:	Liv-Anne Aanesen
Radøy:	Leif Taule, Torill Helland
Solund:	Linne Lending

### Frå styret:

Helge Fjellanger (leiar)

### Frå administrasjonen:

Erlend Kleiveland (avtropende dagleg leiar), Bjørn Berg (påtropende dagleg leiar), Hilde Lysø (seniorrådgjevar, ref.)

### Frå Nordhordland Revisjonsdistrikt:

-

Det var ved møtestart 13 representantar til stades. Vedtekten krev at minst 2/3 av representantane, dvs. minst 13 av 19, må vera til stades for at representantskapet skal vera vedtaksført. Basert på dei tilbakemeldingane administrasjonen hadde fått etter innkallinga, var det venta at det skulle vera 18 representantar (inkl. varamedlem) til stades på møtet. Det er ikkje første gongen dette skjer, og dei frammøtte var samde om å oppmoda eigarkommunane om å syta for at deltaking på NGIR sine representantskepsmøte vert prioritert høgare i framtida.

**Sakliste:**

- Sak 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
Sak 02/17 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll  
Sak 03/17 Meldingar  
    a) Diverse munnleg orientering  
    b) Avfallsmengder 2016  
Sak 04/17 Årsrekneskap 2016  
Sak 05/17 Årsmelding 2016  
Sak 06/17 Honorar til revisor for 2016  
Sak 07/17 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret  
Sak 08/17 Val av leiar og nestleiar i styret

Møtet starta med opprop, og deretter mat.

Representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen leia møtet.

**Sak 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.**

**Sak 02/17 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll**

**Framlegg i møtet:** Linne Lending og Leif Sleire skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

**Framlegget vart samråystes godkjent.**

## Sak 03/17 Meldingar

### a) Diverse munnleg orientering

Styreleiar Helge Fjellanger orienterte om prosessen styret gjennomførte hausten 2016 / vinteren 2017 for å rekruttera ny dagleg leiar. Raymond Tuv, som først vart tilsett, måtte trekkja seg av helserelaterte grunnar. Etter ny utlysing vart Bjørn Berg tilsett, og han tar no til i jobben som ny dagleg leiar hjå NGIR.

Bjørn Berg presenterte seg for representantskapet, og fortalte litt om bakgrunnen sin og tankane han har kring den nye jobben.

Erlend Kleiveland orienterte om aktuelle saker:

#### RenoNorden

RenoNorden tok over kontrakten med innsamling av avfall (med komprimatorbil) frå hushald, hytter og næring frå 01.01.17. Det var store utfordringar i starten som følgje av manglande bilar / bilar som ikkje hadde det utstyret dei skulle, sjåførar med manglande norsk-kunnskapar, samt mangelfull planlegging og forståing for kompleksiteten i oppdraget. For å bøta på dette, og syta for at mest mogleg avfall vart tømt som det skulle, vart det oppretta ein mellombels "operasjonssentral" i Kjhevikulen, der NGIR registrerte feilmeldingar (elektronisk, i nyutvikla kartdatabase), leigde inn reservemateriell frå Retura Vest (for RenoNorden si rekning) og koordinerte avfallsinnhentinga. Det vart mykje ekstraarbeid for delar av administrasjonen hjå NGIR, men resultatet var at det vart langt færre kundeklagar enn det ein elles må rekna med at det ville ha vore, og ein unngjekk stort sett negativ medieomtale. Det har vore nye utfordringar i samband med vårryddinga, og det er eit tilbakevendande problem at RenoNorden har vore litt for lite "framoverlent" og litt for lite interessert i innspel og hjelp frå dei som kjennar oppdraget i detalj.

Spm. frå Jarle Vassdal, Lindås: Det er flott at NGIR har hatt så god oppfølging, men kunne noko ha vore gjort annleis på førehand?

Svar frå Erlend Kleiveland: Viss ruteoppsett, bilar og sjåførar hadde vore på plass tidlegare, så kunne ein ha gjennomført betre opplæring, og dermed vore betre budd då sjølve oppdraget starta.

Spm. frå Leidul Brunborg, Lindås: Er arbeidstilhøva for dei tilsette hjå RenoNorden sjekka av NGIR?

Svar frå Erlend Kleiveland: NGIR har bede om diverse dokumentasjon, og har fått dette. Løns- og arbeidsvilkåra er utifrå dokumentasjon i tråd med vilkåra i kontrakten, lover og reglar. (Språkkrav er rett nok ikkje oppfylt for alle sjåførane og NGIR har kravd at desse skal oppfyllast innan utgongen av året. Det er kravd dokumentasjon på dette i form av språktestar. RenoNorden har planlagt ytterlegare språkopplæring til hausten.)

Erlend Kleiveland gjorde vidare greie for økonomiske tilhøve hjå RenoNorden, både generelt og spesielt i høve kontrakten med NGIR. Trass i at RenoNorden er eit stort, landsdekkande selskap (har renovasjonsoppdrag for kommunar / interkommunale avfallsselskap som inneber at dei er største private aktøren i marknaden), så er det ein reell risiko for at heile selskapet går konkurs.

Spm. frå Leidul Brunborg, Lindås: Må representantskapet og/eller eigarkommunane involverast i noko viss RenoNorden skulle enda med å gå konkurs?

Svar frå Erlend Kleiveland: Eigarane treng ikkje gjera vedtak i eit slikt scenario med mindre dei ynskjer at NGIR skal gå over til å gjera jobben i eigenregi (altså kjøpa eigne bilar og tilsetta eigne sjåførar for å gjera jobben, i staden for å setja oppdraget ut på anbod).

Spm. frå Jarle Vassdal, Lindås: Har NGIR ein beredskapsplan i høve dette, slik at ein sikrar at bosset vert henta, sjølv i ein overgangsperiode, viss RenoNorden skulle gå konkurs?

Svar frå Erlend Kleiveland: Ein slik beredskapsplan er påbegynt, og vil verta jobba vidare med. NGIR vil m.a. innhenta erfaringar frå selskap/kommunar som vart råka av VeiReno sin konkurs (m.a. Oslo kommune, VESAR og ROAF).

## **Strandrydding**

Det har vore ekstra stort engasjement kring strandryddinga i vår, etter all merksemda som har vore på denne problematikken etter at ein gásenebbkval med magen full av plast stranda på Sotra. Den store innsatsviljen frå folk er veldig positiv, men det har og ført til mykje arbeid for NGIR. (Informasjon, koordinering, utdeling av hanskar og sekkar, ut- og inntransport av konteinarar, avtale om henting av avfall, diverse registreringsarbeid m.v.) NGIR betaler ikkje for sjølve ryddearbeidet, det vert gjort av friviljuge på dugnad, men det er kostnader knytt til utstyr, konteinarar, transport og vidare handsaming av avfallet (som i all hovudsak er restavfall). Kostnadene skal ikkje dekkast over renovasjonsgebyret frå hushald og hytter, men vert dels dekka av inntekter NGIR har frå næringsavfall, og dels frå ekstra midlar som det vert søkt om frå Miljødirektoratet.

## **Transport av avfall frå NGIR**

Restavfall vert som kjent ikkje lenger deponert i Kjевikdalens, men vert sendt til forbrenning med energiutnytting. Energiutnyttinga ved forbrenningsanlegga i Sverige er stort sett vesentleg høgare enn ved anlegga i Noreg, og NGIR sendar det meste av restavfallet dit. Fram til no har det i all hovudsak vore transportert som returtransport med vogntog. Gjennom eit samarbeid og utviklingsarbeid mellom Bring, Rekom og Ikea har ein no funne fram til løysingar der mesteparten av restavfallet frå NGIR går som returtransport med tog, i samband med at varer vert transportert frå Ikea sitt sentrallager i Sverige til Ikea i Åsane.

Trevyrke vert no for det meste transportert med båt frå Sotra til Finland, via avtale med Norsk Gjenvinning.

Hardy Pedersen, Austrheim: Det er ikkje vanskeleg å forstå at den siste tida har vore særs krevjande for administrasjonen hjå NGIR, og dei fortener ros for den jobben dei har gjort.

Leif Taule, Radøy: Honnør til NGIR for å ha hatt så god oppfølging i samband med engasjementet som oppsto for strandrydding etter "plast-kvalen", og , ikkje minst, stor honnør for alt som vart gjort i den vanskelege situasjonen som oppsto i overgangen til ny transportør, slik at det aller meste av bosset vart henta slik det skulle, og slik at ein unngjekk mykje negative medieoppslag.

Representantskapet slutta seg til dette ved akklamasjon!

### **Andre spørsmål frå representantskapet**

Tormod Skurtveit, Meland: Har NGIR vurdert å utvida opningstidene på gjenvinningsstasjonane? Og er det noko nytt med omsyn til å innføra medlemskort e.l. for levering?

Erlend Kleiveland: Det vil verta opna for levering på gjenvinningsstasjonen i Kjeksdalen og om fredagane, og truleg vil det verta opna ein dag ekstra og på Mjåtveit. Utgreiing av moglege system for medlemskort (og/eller oblat på avfallsdunkane) var det planen å jobba med i vinter, men det har me av forståelege grunnar måtte skyva på.

Leidulf Brunborg, Lindås: Har NGIR vurdert om det er mogleg å oppretta fleire "varig tilrettelagte" arbeidsplassar i samband med å ta vare på enda meir av ressursane i avfallet?

Erlend Kleiveland: NGIR har ved fleire høve gjennomført dette. Eitt døme er aluminiumsfelgar frå bildekk, der det har vore rekningsvarande å engasjera ungdommar for å ta ut aluminium og selja dette i eigen fraksjon. Eitt anna døme er tidkrevjande utsortering/demontering av kopar frå nokre leveransar av EE-avfall frå næringskundar.

Gro Kaland, Austrheim: Kva er status for traktorar på gjenvinningsstasjonane, vil det verta opna for avfallslevering med traktorar?

Erlend Kleiveland: NGIR gjennomførte prøveprosjekt på dette på gjenvinningsstasjonen på Manger i januar-februar, med eigne opningstider for traktorar. Dette tilbodet vart så lite nytta at det ikkje er aktuelt å vidareføra/utvida (jf. styresak 06/17).

### **b) Avfallsmengder 2016**

Erlend Kleiveland orienterte om mengder og samansetjinga av avfallet som NGIR tok hand om i 2016, både hushalds- og hytteavfall, og næringsavfall.

**Representantskapet tok orienteringane til vitring.**

### **Sak 04/17 Årsrekneskap 2016**

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for dei økonomiske resultata for 2016.

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

<b>Resultat 2016</b>	<b>Resultat</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
Hushald	-kr 2 205 000	-kr 1 604 000	-kr 601 000
Verksemd	-kr 45 000	-kr 444 000	kr 399 000
Slam	kr 1 060 000	-kr 462 000	kr 1 522 000
Bilvrak	kr 89 000	kr 0	kr 89 000
<b>Totalt</b>	<b>-kr 1 101 000</b>	<b>-kr 2 510 000</b>	<b>kr 1 409 000</b>

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomttekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivingar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2016 utgjer den 1,68 %. Sjå note 12 til rekneskapen for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2016 investert i varige driftsmidlar for 7,0 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.16 er kr 44 913 000, ein reduksjon på kr 2 390 000 frå 2015. Eigenkapitalprosenten er 56 %, det same som i 2015. Forpliktingane til etterdrift, ført som langsiktig gjeld, auka med kr 681 000, medan pensjonsforpliktingane auka med kr 904 000. NGIR hadde per 31.12.16 ei langsiktig lånegjeld på kr 29 812 500.

Rekneskapen gir eit rettvisande bilet av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2016.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarannde kalkulatorisk rentekostnad (kr 742 129) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

**Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	<b>Disponering:</b>	<b>Sum etter disp.</b>
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 971 514	-70 883
Avsetjing til utjamningsfond slam	1 117 525	4 139 280
Avsetning til etterdriftsfond	742 129	15 071 145
Avsetning til eigenkapital	11 124	45 692 336
<b>Sum disponering</b>	<b>-1 100 736</b>	

**Samrøystes tilrådd i styremøte 08.05.17**

**Samrøystes godkjent av representantskapet.**

## **Sak 05/17 Årsmelding 2016**

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for delar av innhaldet i NGIR si årsmelding. NGIR har i år valt å ikkje produsera ein trykka versjon av årsmeldinga, men berre å nytta ei elektronisk utgåve. Årsmeldinga vil verta distribuert m.a. til NGIR sine eigarkommunar, med oppmoding om å gjera ho tilgjengeleg for alle medlemma i kommunestyra.

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret legg NGIR si årsmelding for 2016 fram for representantskapet for godkjenning.

**Samrøystes tilrådd i styremøte 08.05.17.**

**Samrøstes godkjent av representantskapet.**

## **Sak 06/17 Honorar til revisor for 2016**

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2016 er sett til kr 45 000.

Budsjetterte kostnader for 2016 var kr 46 000.  
Kostnaden for 2015 var kr 44 000.

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 45 000.

**Samrøystes tilrådd i styremøte 08.05.17.**

**Samrøstes godkjent av representantskapet.**

## **Sak 07/17 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret**

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

*Styremedlemmer:*

Ottar Skjelvik, Meland (2017)  
Kari Utkilen, Austrheim (2017)  
Helge Fjellanger, Lindås (2018)  
Kristin Handeland, Fedje (2018)  
Martin Soltveit, Radøy (2018)

*Varamedlemmer:*

1. vara: Kariann Eken, Masfjorden (2017)  
2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2017)  
3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2017)

På konstituerande møte 14.03.16 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)  
Nina Stabell Øvreås (Lindås)  
Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara  
Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda valde i sitt første møte Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

***Valnemnda si vurdering før NGIR sitt årsmøte 2017***

*Det er valnemnda si oppfatning at det er eit godt samarbeidsklima i styret, og det er difor viktig med stabilitet i dei arbeidsprosessane som styret arbeider med no. Likevel er det viktig at styret stundom får fornying av kompetanse, og det er med den grunngjeving at valnemnda legg fram den innstillinga som ligg føre.*

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak**

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 29.05.17:

*Styremedlemmer:*

Ottar Skjelvik, Meland (2019)

Ragnhild Tykkhelle Langøy, Austrheim (2019)

Helge Fjellanger, Lindås (2018)

Kristin Handeland, Fedje (2018)

Martin Soltveit, Radøy (2018)

*Varamedlemmer:*

1. vara: Kariann Eken, Masfjorden (2018)

2. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2018)

3. vara: Sissel Kråkås, Solund (2018)

**Frå valet**

Hardy Pedersen orienterte om valnemnda sitt arbeid, og dei vurderingane som låg til grunn for valnemnda sitt forslag.

Ingen bad om at det vart gjennomført skriftleg val, og det kom ingen forslag på andre kandidatar.

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke av representantskapet.**

**Sak 08/17 Val av leiar og nestleiar i styret**

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

**Valnemnda si vurdering før NGIR sitt årsmøte 2017**

*Det har vore og er viktig med ei stabil leiing i dei prosessane NGIR er inne i som krev god kjennskap til bedifta. Og når samarbeidsklima i styret er av slik art som det er, finn ikkje valnemnda gode grunnar for større endringar i styrets leiing på dette tidspunkt.*

### Val av styreleiar

*Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar i styret gjera innstilling om at sitjande styreleiar Helge Fjellanger vert attvaled som styreleiar for neste periode.*

### Val av nestleiar

*Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar gjera innstilling om at sitjande nestleiar Ottar Skjelvik vert attvaled som nestleiar for neste periode.*

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvaled som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvaled som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.

### **Frå valet**

Hardy Pedersen orienterte om valnemnda sitt arbeid, og dei vurderingane som låg til grunn for valnemnda sitt forslag.


Ingen bad om at det vart gjennomført skriftleg val, og det kom ingen forslag på andre kandidatar.

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke av representantskapet.**

Helge Fjellanger takka representantskapet for tilliten som vart vist ved at han vart gjenvalet, og han skulle helsa frå Ottar Skjelvik og seia det same. Styret ser fram til at det no skal verta betre arbeidstilhøve for administrasjonen, etter at ny dagleg leiar startar i jobben.

Erlend Kleiveland takka for seg som dagleg leiar hjå NGIR. Han ser fram til at Bjørn Berg no tek over som øvste leiar, medan han sjølv går over i rolla som nestleiar og økonomileiar.

Kjevikdalen, 29.05.17



Liv-Anne Aanesen

- leiar i representantskapet -



Linne Lending

Linne Lending

- representantskapsmedlem -



Leif Sleire

- representantskapsmedlem -